

Informasjon



” - med syn for alle.”

2012-2013

Innhold:

- s.1: Framside med skulen sin logo og visjon.
- s.2: Velkommen til nytt skuleår, årets FAU og SU
- s.3: Adresseliste tilsette
- s.4: Reglement for skulen/SFO
- s.5: Elevforsikring og hovudpunkt i utviklingsplanen
- s.6: Rutinar, reglar og prosedyrar.
- s.7: Gjensidige forventningar heim-skule
- s.8: Årets aktivitetsplan
- s.9: Skuleruta 12-13

Du finn også heftet på: www.sula.kommune.no under ”Skule og sfo”, og på: www.solevag.skule.no.

VELKOMMEN TIL NYTT SKULEÅR !

Elevauka i Solevåg krins held berre fram. Dette skuleåret blir det 199 elevar ved skulen vår! Men med nytt skulebygg for 1.-4. trinn, og 5.-7. trinnet i gamleskulen, så går dette svært så bra. Endeleg føler vi at vi har godt med plass!

Vi har no fått tid til å gjere oss litt kjende med bruken av nybygget. Nokre innkjøringsvanskar har vi hatt. Men slik er det vel alltid med eit stort og nytt bygg, trur eg. Alt av inventar er ikkje på plass, møblering og bruk av ulike rom er i prøvefasen, lås-/alarmsystemet er nytt (også for leverandøren), leigetakarar av både skule og idrettshall må få gjere sine erfaringar o.s.v. Men eg er overtydd om at dette skal vi få til i fellesskap, og at den nye fleirbrukshallen blir til stor glede for både skulekrinsen og for kulturlivet på heile Sula.

Uteområdet vårt vart ikkje ferdig til skulestart. Sula kommune løyvde 1,25 mill. til å sette dette i stand. Vegen opp til fotballbana og leikeområdet i skogen måtte byggast om etter at det gamle gymbygget vart fjerna i sommarferien, det måtte ryddast opp etter orkanen Dagmar som øydelagde taujungelen vår, og nye leikeapparat skal no setjast opp. Noko av det eg personleg synest er kjekkast, er at bygging av ein stor gapahuk er i full gang oppe i skogen! Her blir det ferdigstøyp golv, vedlager og 20 m med sitjebenkar. Gapahuken får torvtak og den blir kledd med villmarkspanel. Denne kjem vi til å ha stor glede og nytte av!

Torsdag 20.9., kl.17:30-21:00, blir det offisiell åpningsfest av fleirbrukshallen. Då håper eg at flest mogeleg tek turen for å sjå på den nye storstova i bygda.

Med dette ønskjer eg dykk alle vel møtt til eit nytt og innhaldsrikt skuleår ved Solevåg skule!

Steinar Hide, rektor.

FAU 12/13:

FAU (= Foreldrerådets Arbeids Utval) består av dei ulike klassekontaktane. Tek opp alle saker vedr. elevar, undervisninga, samarbeid heim/skule, div. arrangement, dugnadar m.m. Leiar og sekretær sit som foreldrerepresentantar i Samarbeidsutvalet.

	<u>1. kontakt (for eitt år):</u>	<u>2. kontakt (for to år):</u>
1A	: Tove Bjørkavåg	
1B	: Åge Andre Kanstad	
2A	: Øystein Solevåg, leiar	
2B	” : Anne Rogne Midtbø	
3.	« : Kristin Sand	Steinar Lied
4.	” : Randi O. Astad, sekretær	Runar Dybvikstrand, kasserar
5.	” : Gerd Solevågseide	Audun Midtgård
6.	” : Frode Klokk	Jill Hege Vågnes Bunes
7.	” : Camilla Brandal	Stein Eric Solevåg

SAMARBEIDSUTVALET 12/13:

(Dette er det høgste rådet ved skulen.)

Medlemmar:

Kommunerepr. : Steinar Hide (rektor, **sekr.**) og Vibeke Bjørkavåg (kultur-/oppvekstutv.).

Lærarrepr. : Solveig B. Bendixen og Åse Sveås. (vara: Andre Fylling)

Foreldrerepr. : Øystein Solevåg og Randi O. Astad, **leiar**.

Repr. andre tilsette : Elisabeth Nergård.

ADRESSELISTE 2012/13

SOLEVÅG SKULE, Pb. 3 6037 EIDSNES

Rektor	70 19 78 20 (926 50947)
Sekretær/SFO-leiar	70 19 78 21
Inspektør	70 19 78 22 (913 58133)
SFO-base/1A	70 19 78 50
Telefax	70 19 78 51
Lærarrom	70 19 78 52
Arbeidsrom-loft	70 19 78 53

Administrasjon:

Hide, Steinar	Rektor	Høgda 11	6035 Fiskarstrand	70 19 03 78
Marøy, Gunnar	Insp.	Røvastien 9	6035 Fiskarstrand	70 19 12 72
Nergård, Elisabeth H.	SFO/sekr	Harhaugvegen 8	6030 Langevåg	95 79 69 95

Lærarar:

Alvestad, Nina	6.kl.	Bognesvegen 42	6016 Ålesund	93 20 00 77
Bendixen, Solveig B.	2B	Heimdalen 33	6020 Ålesund	70 14 90 69
Dybvik, Berit Rekdal	5.kl.	Tingstadhaugen 14	6035 Fiskarstrand	70 19 04 46
Fiskerstrand, Liv	6.kl.	Bynilsvegen	6035 Fiskarstrand	91 78 27 96
Fiskerstrand, Hege S. T.	vikar	Karlbakken 17	6035 Fiskarstrand	93 06 00 54
Flydal, Maritha	1A.	Løvika 44	6013 Ålesund	70 15 06 78
Fylling, Andre'	7.kl.	Mikalgarden 4	6030 Langevåg	70 19 45 54
Hurlen, Eivind	musikk	Svingen 9	6036 Mauseidvåg	47 25 29 01
Langvatn, Solgunn	5.kl.	Gåseidnes	6015 Ålesund	70 15 55 86
Midtgaard, Trude Livik	2A	Solstranda 1J	6035 Fiskarstrand	95 83 06 86
Mork, Anita Dahle	1B	Støleskaret 13	6037 Eidsnes	92 01 48 04
Myrvåg, Randi E.	7.kl.	Vestre Aspehaug 1	6010 Ålesund	70 14 51 92
Solhei, Camilla	3.kl.	Haugvegen 4	6015 Ålesund	92 63 28 52
Sveås, Åse Berit	4.kl.	Gamle Vegsundv. 22	6020 Ålesund	70 14 82 55
Åkre, Linda Renate	3.kl.	Borgundvegen 651B	6016 Ålesund	93 40 52 28

Assistentar:

Dybvik, Lindis Johanne		Erikgarden 9	6030 Langevåg	70 19 27 17
Fiskerstrand, Shiho Tokusa		Petterholen 15	6030 Langevåg	98 84 21 23
Haugen, Trine Sand		Solstranda 3a	6035 Fiskarstrand	92 05 60 92
Havnegjerde Sandra Vasset		PB 321	6039 Langevåg	93 24 49 38
Slinning, Astrid		Bjørkavågsvegen 45	6037 Eidsnes	93 21 17 40
Sunde, Anne-Grethe		Kristiangarden 6	6037 Eidsnes	47 03 08 75
Sunde Heidi		Sulesund	6036 Mauseidvåg	70 19 11 31
Vangsnes, Eva Lindseth		Fyllingsvegen 118 A	6030 Langevåg	70 19 32 88

Vaktmester:

Solevåg, Arnfinn		Solavågen	6037 Eidsnes	70 19 03 66
------------------	--	-----------	--------------	-------------

REGLEMENT FOR SOLEVÅG SKULE/SFO: (godkjende i SU 29.10.12)

I den tida du går på skule har du rett til gratis undervisning, lærebøker, skulemateriell, legek kontroll, og tannhelseteneste. Viktig er det også å kjenne til dei pliktene du har som skuleelev.

Kvar skule har sine ordensreglar som skal hjelpe oss til å få eit godt og triveleg skulemiljø. Skal det lukkast, er det mellom anna om å gjere at ingen ertar eller plagar andre på skulevegen eller på skulen.

For Solevåg skule har vi desse ordensreglane:

I. SKULEVEGEN - FRAMMØTE.

- ☺ Vis fin framferd og hald deg til trafikkreglane på vegen til og frå skulen.
- ☺ Bruk ikkje bilvegen der du kan følgje gang-/sykkelvegen eller andre vegar du har lov å gå på.
- ☺ Møt på skulen i rett tid.

II. SYKLING.

- ☺ Først når du har byrja i 4. klasse, har du lov til å sykle til skulen. Ved spesielle unntak, må foreldra gi skriftleg grunngitt melding til skulen.
- ☺ Elevar på framkomstmiddel med hjul (sykkel, sparkesykkel ol.) skal bruke hjelm.
Desse tre reglane gjeld både for sykkel, sparkesykkel, rullebrett og rulleskøyter:
- ☺ Set slikt utstyr på tilvist plass.
- ☺ I skule-/SFOtida er det ikkje lovleg å nytte slikt utstyr på skuleområdet.
- ☺ Sykkelen skal leiast ned bakken.

III. PÅ SKULEN.

- ☺ Ver høfleg og vis god framferd mot alle du har med å gjere på skulen og skulevegen.
- ☺ Elevane skal vere ute i friminutta. Lærarane avgjer eventuelle unntak.
- ☺ Møt opp straks det er «inn».
- ☺ Rett deg etter dei som har tilsyn i friminutta (pros. D-1).
- ☺ Forlat ikkje skuleområdet i skuletida utan løyve.
- ☺ Snøballkasting er tillate berre på tilvist plass (pros. D-5).


- ☺ Legg vinn på arbeidsro og orden i timane.
- ☺ I kvar klasse bør det veljast ordenselevar og tillitselevar.
- ☺ Ta ikkje med deg pengar til skulen utan du har løyve heimanfrå. Legg ikkje att pengar, eller anna du er redd for, i yttertøyet på gangen.
- ☺ Ver stille i gangane. Gå roleg og pent til og frå undervisningsromma.
- ☺ Hald orden på toaletta. Ver der ikkje utan grunn.
- ☺ Tyggegummi, søtsaker, tobakk og rusmiddel er forbode. Halsdrops er tillate v. melding heimanfrå.
- ☺ Bruk av mobiltelefon, dataspel, i-pod og liknande er forbode (pros. D-7).
- ☺ Pass godt på bøkene og dei andre skulesakene dine (pros. D-6).
- ☺ Ingen må fingre med eller ta andre sine eigendelar.
- ☺ Elevane kan ha festar og andre tilstellingar på skulen når dei har løyve av rektor eller leiaren i samarbeidsutvalet. Vaksne må vere til stades i slike høve.

NB! Merknadane i parentes viser til prosedyrane i skulen sitt kvalitetssikringssystem.

Handhevinga av ordensreglane må sjåast i samanheng med desse prosedyrane.

Ordensreglane gjeld og for SFO der det er relevant.

Føresette blir av samarbeidsutvalet oppmoda om å gå gjennom ordensreglane saman med barna sine.



ELEVANE SI FORSIKRINGSORDNING:

1) Til og frå skulen: Her er elevane forsikra mot ”varige fysiske skader” gjennom vanleg kollektiv ulykkesforsikring. Denne gjeld og ved all aktivitet i skulen sin regi etter skuletid. Arrangement utført av klassekontaktane i samarbeid med skulen, for eksempel avsl.fest/-tur før sommarferien, kjem inn under dette.

Ved evt. småskader (ikkje fysisk varig skade) som skjer utanfor skuleområdet før eller etter vanleg skuletid, må utgifter til legebesøk og røntgen dekkast av foreldre!

2) I skuletida: Her dekkjer skulen ”skuleskader” gjennom ei eiga skuleforsikring. Her må skulen levere inn skademelding til trygdekontoret og foreldra får kopi av denne. Dette er viktig for å registrere skada! Utlegg til legebesøk, medisin, behandling m.m., vedr. denne skada, vil då bli dekt av trygdekontoret for all framtid.

Det er skulen som må betale dei første utlegga foreldra har når ei skuleskade skjer. Ta derfor vare på alle giroar/rekningar som dokumenterer utlegg. Når skada er ferdigbehandla, skal desse leverast inn på skulen saman med det kontonummeret som skal nyttast ved evt. refusjonskrav.

SKULEN SIN UTVIKLINGSPLAN FOR 12/13:

Dette året konsentrerer vi oss om:

- *klasseleiing,*
- *bruk av Portfolio (elevmappe) som vurderingsverktøy,*
- *bruk av digitale verktøy; It's learning, smartboard,*
- *lage lokal sosial læreplan.*

RUTINAR, REGLAR OG PROSEDYRAR:

Litt om organiseringa av ein vanleg skuledag:

- SFO er open kvar dag frå kl.07:15-08:30 og frå 12:10/13:05-16:30.
- Fotballbana er fordelt mellom klassene etter eit system som elevrådet vedtek kvart år.
- Ingen i storskulen har lov å sparke fotball nede på skuleplassen.
- Det er forbode å bruke sko med svarte såler som lagar svarte strek i idrettshallen.
- Ei oppfordring til foreldra frå FAU og rektor:
 - Ring til skulen om morgonen når elevane er sjuke. SFO får evt. automatisk beskjed.
 - Det er forbode å køyre opp til skuleplana mellom 7:00-16:30.
 - *Når elevar blir levert/henta: Bruk busslomma og ikkje lag kork ved rota av skulebakken. Dette er eit stort problem på styggeversdagar. Ver vennleg å respekter dette!!!!*

NB! Når de får nytt tlf.nr, privat og/eller på arbeid, så gi skulen beskjed om dette!

For å lette den daglege drifta arbeider vi etter desse faste prosedyrane (sterkt forenkla):

- D-1: **Vaktordning:** Til vanleg 4 stk. ute i kvart friminutt. Vaktene har tilsyn med ulike delar av uteområdet. Vaktskifte kl.11:10 i matfriminuttet.
- D-2: **Hjelmkontroll:** 3-4 kontrollar pr. ½-år. Ansvarspersonen kan ta imot negative registreringar (ikkje bruk av hjelm) frå alle vaksne ved skulen. Premiering og diplom til flinkaste klasse.
- D-3: **Når ein elev syner dårleg framferd:** Om ein elev blir talt til rette og dette ikkje hjelp, eller ved klare brot på ordensreglane, blir det skriva ei ”melding om tilsnakk” på eleven. Denne blir overlevert til kontaktlærer som også snakkar med eleven. Om dette heller ikkje hjelp, blir heimen kontakta. Neste trinn er evt. at rektor blir involvert. Eleven og foreldra blir då kalla inn til møte. Ved grove overtramp/episodar blir føresette kontakta straks!
Meldingar som inkl. mobbesituasjonar blir ikkje makulerte, men arkiverte på skulen.
- D-4: **Skader på elevutstyr:** Når ein elev skader/øydelegg andre sine ting, skal elevane sine føresette informerast av kontaktlærer/evt. rektor. Her blir dei oppfordra om å gjere opp seg imellom. Etter 2 veker snakkar kontaktlæraren med elevane om saka. Om neg. resultat; rektor tar ny kontakt. Føresette er juridisk ansvarleg for sine barns øydeleggingar inntil eit beløp på 5000 kr.
- D-5: **Snøballkastingspros.:** Forbode å kaste snøball innanfor skuleområdet. Attsitting, frå ½-1 time etter omfang, helst den næraste måndagen. Foreldra får beskjed. Elevane kan få div. rydde- oppgaver av rektor/vaktmeister.
- D-6: **Bokerstattningspros.:** Ved skulestart får elevane utdelt mange nye, og svært dyre, bøker. Tapt/øydelagt bok skal erstattast slik: 100 % ved ny, 50 % ved brukt og 10 % ved gml. bok.
- D-7: **Ulovleg bruk av mobil tlf., dataspel, i-pod o.l.:** slik bruk medfører beslag. Utstyret blir levert til rektor. Eleven må sjølv hente dette på rektors kontor etter skuleslutt. Ved fleire beslag på kort tid, blir føresette kontakta. Avtale om reaksjonsmåte blir avtala med rektor.
- D-8: **Medisinering av elevar:** før dette kan skje, skal det liggje føre skriftleg avtale mellom skule og heim. Tilsette kan reservere seg mot slik medisinerings av elevar. Føresette har ansvaret!

Andre rutinar i løpet av året (sjå også aktivitetsplanen s.8):

- Orienterande foreldremøte i kvar klasse like etter skulestart og minimum 2 kontaktmøte pr. år.
- Felles fjelltur om hausten og evt. felles skidag i feb./mars.
- 2 stk. brannøvingar pr. år , ei av øvingane er umeldt.
- Mobbeplan: Kontaktlærer orienterer om denne kvar haust. Mobbeundersøking i okt./nov. kvart år.
- Ei ”Kunst- og kulturveke” om hausten, og ei ”Friluftsvеke” om våren.
- Grunnskuleveka, i nov.: her har FAU som regel eit kveldsarrangement med bl.a. tombola.
- Felles nissegraut like før jul. / Evt. avslutningsfest til jul.(ansvaret hos kontaktlærarane).
- Skulegudsteneste til jul og til påske.(elevar kan følgje alternativt opplegg på skulen)
- Avslutning/fellesarrangement før sommarferien; som regel i Sundsmyra (ansvar: FAU).
- Div. teaterframsyningar og konsertar gjennom ”Kulturista.”



GJENSIDIGE FORVENTNINGAR MELLOM HEIM –SKULE:

Dette arbeidde vi ein god del med våren-09 i nært samarbeid med FAU.

Alle heimar fekk tilsendt eit skriv der dei anonymt skreiv ned sine forventningar/krav til skulen.

FAU samla så alle svara i dei 10 punkta som står nedanfor.

Samstundes samla dei tilsette ved skulen sine forventningar til heimane i 8 ulike punkt.

Punkta under gjeld framleis:

FØRESETTE SINE FORVENTNINGAR/KRAV TIL SKULEN:

1. Førebygge mobbing.
2. Engasjerte og fagleg oppdaterte lærarar.
3. Eit fysisk godt læremiljø. (inneklima/størrelsen på klasseromma)
4. God og tett kommunikasjon mellom skulen og heimen. Begge har lav terskel for å ta kontakt om noko er utanom det vanlege – både på godt og vondt.
5. Undervisning og lekser blir tilpassa kvar einskild elev og elevens prestasjonsnivå.
6. Alle, både lærarar og elevar, viser kvarandre respekt.
7. Gode læreverk.
8. Tryggleik både ute og inne.
9. Gode vaktordningar i friminutta for å tryggje elevane. (ein vaksen ute når skuleklokka ringjer)
10. I dei tilfella der det blir avdekka at elevar har problem av ein eller annan art, tar skulen ansvar og kontaktar dei rette instansar.


SKULEN FORVENTAR AT HEIMEN:

- viser ansvar og aktivt legg til rette for skulegangen til barnet.
- viser eleven ei positiv haldning til skulen og skulearbeidet.
- informerer skulen om ting som kan innverke på eleven sin skulegang.
- sender med høvelege kle.
- sørgjer for at eleven møter opp i rett tid.
- held seg oppdatert om vekeplanar, heimearbeid og informasjonsskriv.
- møter opp til møte med skulen som dei er innkalla til.
- held avtalar.

AKTIVITETSPLAN – SKULEÅRET 2012-2013:

		Ansvar:
September	v.35-37: Felles orienterende foreldremøte i alle klasser.	- kontaktlærarane
	v.36-39: Fjelldag.	- plangruppa
	v.38: 20.9. Offisiell åpning av nyehallen.	- festkomitèen
	v.39-40: Kafe – 7. kl.	- Randi/Andrè
	v.37-42: Nasjonale prøver 5. kl.(les. 12.9.,eng. 18.-21.9., rekn. 16.-19.10.)	- Berit/Solgunn
	Kartleggingsprøver i norsk og rekning. Sjå eige årshjul.	- kontaktlærarane
	v.36-38: Første utviklingssamtale m. elev/føresette i 1. kl.	- Maritha/Anita
Oktober	v.42-43: Idrettsdag i Sundsmyra for 5.-7. kl.	- gym.lær. 5.-7. kl.
	v.42: 16.10. Årshjulet: Første treff 5-åringar/1.klasse	- Maritha/Anita
	v.43: 26.10. «Vår forestilling om Sara» 5.-7. kl.	- Liv
November	v.43-47: Utviklingssamtale m. elev/føresette i 2.-7. kl.	- kontaktlærarane
	v.46: 16.11. "Bem-Vindo a Niteroi` no Brasil" 1.-7. kl.	- Liv
	v.45-48: Kartleggingsprøve – lesedugleik 7. klasse.	- Randi/Andrè
	v.47: 22.11. FAU-kveld – «Egner 100 år.»	- FAU/skulen
	v.48: 29.11. «Norske barnestreker»	- Liv
	30.11. «Animasjon – 7. klasse»	- Randi/Andrè
	v.48-49: Innskriving av neste års 1. klassingar.	- adm.
Desember	v.49-51: Samlingsstund 6. kl. – tema jul/advent m. nissegraut.	- Liv/Nina
	Evt. juleavslutning/-fest; klassevis eller gå saman.	- kontaktlærarane
	Julegudsteneste fredag 21.12.	- Liv
Januar	v.2-3: Kartleggingsprøve 1 – lesedugleik 2. klasse.	- Solveig/Trude
	v.2: 9.1. "Lydvingens lydløse oppdrag" 1.-7. kl.	- Liv
Februar	v.5-6: Matematikkdag (LAMIS)	- plangruppa
	Andre utviklingssamtale m. elev/føresette i 1. kl.	- Maritha/Anita
	v.9: 29.1. Årshjulet: Andre treff 5-åringar/1.klasse.	- Maritha/Anita
	29.1. «Spøkeshuset» skrive-/historieverkstad 5.-7. kl.	- Liv
Mars	v.12: Musikkens dag. (Mange ulike musikalske aktivitetar!)	- Eivind/plangruppa
	v. 9-12: Medarbeidarsamtalar.	- rektor
	Skidag	- FAU/plangruppa
	v.12: Påskegudsteneste fredag 22.3.	- Liv
April	v.15-17: Kontaktmøte-foreldresamtalar 2.-7. kl.	- kontaktlærarane
	9.4. Forarbeid animasjonskurs - 15.4. Animasjonskurs	
	v.16: 19.4. "Dinosau" 1.-7. kl.	- Liv
	Elevundersøkinga – 7. klasse. (før 1.5. !)	- Randi/Andre'
	v.17: Kafe – 6. kl.	- Liv/Nina
Mai	v.18: Forfatterbesøk av Svein Sæter 1.-4. kl.	- Liv
	v.18-22: Kartleggingsprøve 2 - lesedugleik 2. kl.	- Solveig/Trude
	v.20: 14.5. Tinstafetten på Aksla 6.-7. kl.	- kontaktlærarane
	Kartleggingsprøve engelsk 3. kl.	- Linda/Camilla
	v.20: Faddertreff i Sundsmyra	- b.hage/Solg., Berit
	v.21: 22. og 23.5. førskuledagar.	- adm.
	(Adm. og SFO-leiar orienterer 1.kl.foreldra om lover, reglar, prosedyrar. m.m.)	
	v.21-22: Tredje utviklingssamtale m. elev/føresette i 1. kl.	- Maritha/Anita
Juni	v. 23: Friluftsseke.	- plangruppa/team
	v.24-25: Regnmakerdag på Tueneset 13.6. for 5.-7.kl.	- kontaktlærarane
	Avslutningsfest 7. klasse.	- Randi/Andre'
	v.24-25: Felles avslutning i Sundsmyra – samarbeid FAU.	- FAU

- I løpet av året:
- skal alle klassene halde minst ei samlingsstund i gymsalen. (sjå eigen plan)
 - skal alle klassene ha minst 4-6 leksjonar pr. halvår med "Det er mitt val."
 - bør alle klassene ha eigne "småprosjekt" i høve "Mama Clara".
 - skal kontaktlærer ha minst to elevsamtalar, to utviklingsmøte/halvårsvurderingar med/om kvar elev.
 - symjeopplæring : 3. kl.: 5-6 gongar haust og vår.
4.og 5.kl.: 6-7 gongar kvar på nyåret.




Skulerute skuleåret 2012 – 2013.

Månad	Merknader	skuledagar for elevane
August	Første skuledag for elevane etter sumarferien: måndag 20. august kl 08:30. Studie- og planleggingsdagar i skulen: 14.8., 15.8., 16.8. og 17.8. SFO er open frå 1.8. t.o.m. 14.8.	10
September		20
Oktober	Hautferie veke 41: f.o.m. måndag 8. t.o.m. fredag 12. oktober	18
November		22
Desember	Siste skuledag for elevane før jul: fredag 21. desember	15
Januar	Første skuledag for elevane etter jul: torsdag 3. januar. Studie- og planleggingsdag onsdag 2. januar.	21
Februar	Vinterferie veke 8: f.o.m. måndag 18. t.o.m. fredag 22. februar	15
Mars	Siste skuledag for elevane før påske: fredag 22. mars	16
April	Første skuledag for elevane etter påske: tysdag 2. april	21
Mai	Fridag for elevane: onsdag 1. mai, torsdag 9. mai, fredag 10. mai, fredag 17. mai og måndag 20. mai	18
Juni	Siste skuledag for elevane før sumarferien: torsdag 20. juni	14
Sum	Skuledagar for elevane	190

- Den einsskild skule fastset 1 studie- / planleggingsdag.

Furene Industrier AS
Sentralbord 70 07 48 50
Tlf.direkte 99 16 76 90
Fax 70 07 48 51
dag.mork@furene.no
www.furene.no



Skulegenser

Skulen og FAU har blitt samde med Furene Industrier AS om å produsere skulegenseren vår med trykt logo i fargar på brystet. Dette for å gjere den billegast råd.

Du kan velje å få brodert namnet ditt på venstre arm, då er det lettare å finne din genser. Dette kostar 65 kr ekstra. Om dette er ønskeleg; kryss av i det høgre feltet på skjemaet:

Genser med rund hals:

Farge	4-6 år 250 kr	8-10 250 kr	12-14 250 kr	Small 288 kr	Medium 288 kr	Large 288 kr	XL 288 kr	XXL 288 kr	Brodert namn 65 kr
Raud									
Marineblå									
Svart									

Hettegenser:

Farge	4-6 år 300 kr	8-10 300kr	12-14 300 kr	Small 325 kr	Medium 325 kr	Large 325 kr	XL 325 kr	XXL 325 kr	Brodert namn 65 kr
Raud									
Marineblå									
Svart									

(Med brodert namn kjem dei fire gensertypane på: 315 kr, 353 kr, 365 og 390 kr.)

Kryss av bestillinga og noter ned den totale summen her : _____ kr.

Noter summen også i den nedste delen av arket der kontonummeret for innbetaling står.

Fornamn : _____ (som evt. skal broderast) **Klasse:** _____

Underskrift av føresette: _____

Klipp av og send den øvste delen tilbake til skulen. **Frist for bestilling: 16.11. – for betaling: 23.11.**

Behald denne delen sjølv for kontroll av bestilling og betaling:

Vi har bestilt _____ Pris å betale: _____ kr.

Kontonummer for betaling: Solevåg skule - 3900.34.06796

NB ! Bestillingar der beløpet ikkje har kome inn på konto innan 23.11., blir ikkje sendt til Furene AS. Den øvste delen vil då bli returnert heim. Sidan Furene AS helst vil ha ei samla bestilling frå skulen, blir det ei ny bestillingsrunde på nyåret.

Dette bestillingsskjemaet ligg også på skulen si heimeside: www.solevag.skule.no